

Styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: 27.02.2023, klokka 17:30-19:00

Stad: Klasserommet i Bildøyhallen

Saker:

1/7 Innkalling

2/7 Saksliste

3/7 Referat frå styremøte 06.02.2023

4/7 Orienteringar

a) **Driftsmidler**

b) **Mini- og teenvolleyball**

c) **Idrettskonferanse**

d) **Arbeidsoppgåver styret vart pålagt i sesongen 2022-2023**

e) **Arbeidsoppgåver sesongen 2023-2024**

f) **Aktuelle tidsfristar**

g) **Lovnorm**

h) **Representasjon i ulike årsmøte**

i) Underslagsforsikring

5/7 Møte med kontrollutvalet

6/7 Førebuing til årsmøtet 20. mars 2023

7/7 Ymse

Orientering om sakene:

1/7 Innkalling

2/7 Saksliste

3/7 Referat frå styremøte 06.02.2023

4/7 Orienteringar

a) Driftsmidler

Det er søkt Sparebanken Vest om midlar til kjøp av diverse utstyr og drakter.

b) Mini- og teenvolleyball

Det er søkt NVBF om midlar til å starta opp med minivolleyball for gutar og teenvolleyball for jenter og gutar. Vi skal i møte med NVBF (digitalt) om dette.

c) Idrettskonferanse

Nokre kommunar - Øygarden, Alver, Askøy og Bjørnafjorden - i samarbeid med Vestland idrettskrets inviterer til idrettskonferanse fredag og laurdag, 17. og 18. mars 2023. Konferansen vert gjennomført om interessen er stor nok. Mikael Tangen er påmeldt.

d) Arbeidsoppgåver styret vart pålagt i sesongen 2022-2023

Mikael Tangen tek ei munnleg gjennomgåing. Ei skriftleg orientering vert lagt fram i årsmeldinga.

e) Arbeidsoppgåver sesongen 2023-2024

Mikael Tangen tek ei munnleg gjennomgåing. Mykje det same som som forrige punkt.

Forslag til nye oppgåver vert lagt fram i årsmeldinga.

f) Aktuelle tidsfristar

1. Søknad til Øygarden kommune om treningstid.
2. Søknad til Øygarden kommune om open hall i Bildøyhallen. Kor mange gonger?
3. Søknad til Øygarden kommune om midlar.
4. Senda årsmeldinga til Brønnøysundregisteret og Øygarden kommune.
5. Fordeling av halltid til seriekampar og turneringar.
6. Søknad om spillemidler til utstyr 2022 (søknadsfrist er 15. mars 2023)

I årsmeldinga er alle aktuelle datoar vi har oversikt på, lagt til.

g) Lovnorm

Ligg på heimesida.

h) Representasjon i ulike årsmøte

NVBF, NVBFH, Idrettsrådet i Øygarden kommune.

Spørsmålet om å representera Sotra VBK var sak på styremøtet
25.04.2022.

Sotra VBK vart ikkje representert på desse årsmøta.

i) Underslagsforsikring

Sotra VBK har underslagsforsikring.

5/7 Møte med kontrollutvalet

Kontrollutvalet og styret gjer ferdig rekneskapen for 2022.

6/7 Førebuing til årsmøtet 20. mars 2023

Det er ein del formelle krav til val som må gjerast før årsmøtet kan handsama årsmøtesakene.

- Godkjenning av frammøtte og stemmerett
- Dirigent
- Sekretær
- To representantar til å skriva under protokoll

Styret må finna kandidatar til dei tre første kulepunkta over.

7/7 Ymse